

## Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 17. oktober 2012

Tilstades: Regionordførar Torstein Tveito, Hilde Alice Vågslid, Halvor Homme, Jon Svartdal, Arne Vinje, Erik Skjervagen, Sverre Sæter, Therese Hauger, Hans Kristian Lehmann, Ketil Kiland, Tor Borgenvik, Kjell Gunnar Heggenes

Andre tilstades: Torgrim Otterholt, Dag Rorgemoen, Arne Aakre, Terje Weber, Dag Inge Skoland. Fylkesrådmann Evy-Anni Evensen kom tilstades under møtet.

Innleiingsvis vart det markert at Vest-Telemark Museum er kåra til "Årets museum" i 2012. Styreleiar og dagleg leiar i museet var tilstades og fekk blomar og anerkjennande ord for god innsats.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### Sak 48/2012 Referat frå rådsmøte 21. august 2012

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 21. august vart samrøystes godkjent.*

### Sak 49/2012 Orientering om Norges Blindeforbund

Arne Aakre og Terje Weber frå Norges Blindeforbund orienterte nærare om kva det inneber å vera synshemma og kva for utfordringar blinde og svaksynte har i samfunnet. Det vart orientert om kva for instanser som kan hjelpe, og kva rolle kommunane har i dette biletet.

Det finst god rehabilitering, men det er fortsatt behov for å gjera dette kjent i kommunane.

Det er bygd eit syns- og rehabiliteringssenter i HurdaL, der blinde og synshemma får hjelp til å meistre kvardagen.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

### Sak 50/2012 Brannvernsamarbeidet.

#### Orientering v/styreleiar/brannsjef i Vest-Telemark Brannvesen

Status for samarbeidet vart gjeve innleiingsvis av Tore Metveit, dagleg leiar i brannvernsamarbeidet. Utdanninga av brannpersonale går sin gang slik at ein våren 2014 vil ha formell godkjenning av dei som ikkje har slik godkjenning i dag. Dette tar tid og har naturlegvis ei betydeleg kostnadsside, men erfaringa med slik opplæring er svært god. Ein arbeider også med å organisere ei gruppe som skal rykke ut i samband med mogleg skogbrann.

I tråd med tidlegare vedtak ligg det no føre utgreiing i høve til å utvide brannvernsamarbeidet til også å gjelde beredskap. Det er behov for å arbeide vidare med det framlagte forslaget til avtale, herunder konsekvensane for den enkelte kommune.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande. Endeleg forslag til avtale vert å drøfte i rådmannsutvalet og deretter sendt kvar enkelt kommune til handsaming tidleg i 2013.*

### Sak 51/2012 Orienteringssaker.

#### Tilbakemelding frå kommuneregionane i høve til Arbeidsgruppa for E134/Rv36

Tilbakemeldingane frå dei andre kommuneregionane og fylkeskommunen er at ein tilrår å legge ned arbeidsgruppa sidan ein vurderer at funksjonane er overteke av andre samarbeidsorgan.

*Vedtak: Arbeidsgruppa for E134/Rv 36 vert med dette avslutta og resterande midlar overført Vest-Telemarkrådet.*

Vegkonferansen på Notodden 21. september.

Konferansen vart halde i regi av AS Haukelivegen, Kongsbergregionen og Vest-Telemarkrådet og samla om lag 90 personar mellom anna frå politisk hald både lokalt og sentralt. Eit vellukka arrangement der ein fekk belyst viktigheten av E134, framdrifta i høve til dei ulike prosjekta samt informasjon om det vidare arbeidet.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

Bulyst-prosjektet, status og finansiering.

Etter forslag frå Solveig Sundbø Abrahamsen løyvde Hovudutval for Næring i sitt møte 5.-6. september kr 300 000,- til regionens bulyst-prosjekt. Føresetnaden for løyvinga er at prosjektet vert fullfinansiert. Dette inneber ei tilsvarande løyving frå hhv Kommunal- og regionaldepartementet og våre eigne 6 kommunar pluss ei løyving på kr 900 000,- frå Telemark Utviklingsfond. Ein må i det vidare arbeidet få avklaring i høve til fullfinansiering.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

Felles skjønnsmidlar, "Læringsløpet for tilsette i kommunane.

I samarbeid har dei 4 regionrådsadministratorane utarbeidd prosjektspesifikasjon for eit forprosjekt gjerldande læringsløpet for tilsette i kommunane. Resultatmål for forprosjektet er å vidareføre dette i eit mogleg hovudprosjekt der ein vil utvikle standardiserte læringsløp med e-læringskurs for tilsette i kommunesektoren. Kursopplegget skal utviklast i Telemark og prøvast ut i dei ulike kommuneregionane. Fylkesmannen i Telemark har tilgodesett prosjektet med kr. 792 000,- i skjønnsmidlar og det vert lagt til grunn at erfaringane vert dokumentert med tanke på å danne underlag for mogleg nasjonal distribusjon.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

Postomberinga i distrikta, rapport frå kommunane.

Det låg føre tilbakemeldingar frå kommunane omkring konsekvensane dei nye retningslinene for plassering av utleveringspostkasser kan kome til å få for postomberinga.

Oppteljingane viser at fleire hundre husstandar i Vest-Telemark vil kunne få auka avstand til eiga postkasse som fylgje av dei nye retningslinene. Til dømes vil om lag 100 husstandar i Kviteseid kunne bli berørt. Tilsvarande vil 80 -100 husstandar i Fyresdal og 45 i Tokke.

Signala frå sentrale politikarar stadfester at det er grunnlag for regionens bekymring i saken.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

Sak 52/2012 Oppretting av moglege samarbeidsavtaler mellom Telemark fylkeskommune og dei enkelte kommunane, Orientering ved fylkesrådmann Evy-Anni Evensen

Det låg føre kopi av samarbeidsavtale mellom Lyngdal kommune og Vest-Agder fylkeskommune. Avtala er oppretta med utgangspunkt i det regionale planverket og bygger på dialog og samarbeid mellom partane. Det er no spørsmål om det er interesse for å opprette tilsvarande avtaler mellom våre kommunar og Telemark fylkeskommune.

*Vedtak : Vest-Telemarkrådet ser det framlagte avtaltaleforslaget som interessant og adm utformar eit formelt svar til TFK som blir å maile rundt til ordførarane før oversending TFK.*

Sak 53/2012 Skuletilbudsstrukturen i den vidaregåande skulen, ein sak også om skulestruktur.

Fylkesrådmannen orienterte nærare om den komande nedgangen i elevtal, og viste også til ei undersøking gjennomført av Asplan Viak i 2009 gjeldande ressursbruken i VGS.

Seljord og Lunde vert vurdert saman med skulane i Grenland, medan Vest-Telemark vidaregåande skule på Dalen ligg fast. Fylkesrådmannen ynskte fokus på best mogleg utdanningstilbod, og viste til at saken med skulestruktur kjem til høyring i januar/februar.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

Sak 54/2012 Status for dei ulike vegprosjekta i Telemark.Statens vegvesen orienterer.

Mari Vårdal, Eli Sæterdal og Kjell Solheim var tilstades i møtet og orienterte nærare om dei ulike vegprosjekta.

E134 har 1/3 av totaltrafikken og 1/3 av tungtrafikken mellom aust og vest, noko som klårt viser betydningen av denne vegen. Det er eit etterslep i vegvedlikehaldet i Telemark på mellom 3 og 4 mrd. kroner.

Totalt kostnader for dei planlagte bompengeprojekta på E134 er 239 mill kroner. Bompasseringa er lagt til Heggveitbakkane med takstar på hhv 20 og 60 kroner for lett /tung bil. Ein har som siktemål å starte utbetningsarbeidet i 2014.

2017 blir iflg. Kjell Solheim eit "magisk år" då Århus -Gvammen, Damåsen- Saggrenda samt Skjelbredstrand – Skyggestein på rv36 skal stå ferdig

Utbetring av Fv 355 er i gang på strekningen Fyresdal - Hauggrend (ferdig i 2013 og asfalt i 2014)

Vidareføring av Fv 355 over Våmur er ikkje avklart enno, men må inn i Fylkets planlegging

Nytt prosjekt Steane -Kilen (6 km) blir no lyst ut. (7,5m vegbreidde)

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.*